




Bufdir

«ALLE BARN HAR RETT TIL
Å BLI HØYRDE I ALT SOM
HANDLAR OM DEI.»

- FNS BARNEKONVENSJON -



EIN BROSJYRE OM
FAMILIERÅD



Innhald

- 5 Kva er familieråd?
- 7 Når kan familieråd gjennomførast?
- 9 Koordinator i familieråd
- 11 Spørsmål til familieråd
- 13 Kva skjer før og under familierådet?
- 15 Oppfølgjande familieråd
- 17 Kven deltek?
- 19 Fagpersonar i familieråd
- 20 Medverknad er samarbeid
- 23 Vil du vite meir?

"KVA SKAL TIL FOR AT MINA SKAL
KOMME SEG PÅ SKULEN I TIDE?"




Kva er familieråd?

Familieråd er eit møte der hovudpersonane saman med familie, slekt, venner og fagfolk møtest for å finne ei løysing på ein vanskeleg situasjon. Ein familierådskoordinator hjelper til med å planleggje og gjennomføre familierådet.

Det er frivillig å gjennomføre familieråd, og på familierådet kjem ein som oftast fram til gode løysingar.

Norsk forsking viser at nesten alle som har gjennomført eit familieråd, tilrår andre å gjere det same.

"ALLE MÅ FÅ SEIE MEININGA SI
FØR NOKO SKAL AVGJERAST."




Når kan familieråd gjennomførast?

Familieråd kan nyttast i ulike situasjonar og på ulike arenaer, mellom anna på helsestasjonen, i arbeid med pårørande, på skulen, i rusomsorga, i eldreomsorga, i familievernnet og i konfliktrådet.

Barnevernet har lang erfaring med å nytte familieråd og gjennomfører fleire tusen familieråd kvart einaste år.

Familierådet kan til dømes handle om at barn eller vaksne har det psykisk vanskeleg, at samvær ikkje fungerer så godt, at det er behov for å få til eit betre samarbeid, at nokon har behov for ekstra hjelp og støtte, eller at omsorgssituasjonen for barnet ikkje er god nok.



Koordinator i familieråd

Koordinatoren i familieråd er familien sin hjelper og har ei uavhengig rolle. Han eller ho skal hjelpe barn og familiar med å planleggje og gjennomføre familierådet, men bestemmer ikkje i saka.

Oppgåvene til koordinatoren:

- finne ut kven som skal delta saman med hovudpersonane
- invitere og snakke med dei som skal delta, slik at dei er godt førebudde
- avtale med hovudpersonane kven som skal vere støtteperson, ordstyrar og sekretær
- ta hand om det praktiske på sjølve møtet
- vere møteleiar i del ein og tre av familierådet
- bidra til at det blir laga ein skriftleg plan som alle er einige om, og til at planen er kjend for alle

Enkelte kommunar har eigne familierådskoordinatorar. Når det blir gjennomført familieråd i regi av barnevernet, har det statlege barnevernet (Bufetat) ansvar for at gode familieråds-koordinatorar kjem raskt i gang med å hjelpe familiar med å planleggje og gjennomføre eit familieråd.

KVEN SKAL FØLGJE MINA PÅ FOTBALLEN?

MINA SYNEST DET ER VANSKELEG AT MANNA OG PAPPA
ER UVENNER NÅR HO SKAL FLYTTE MELLOM DEI. KORLEIS KAN
DENNE SITUASJONEN BLI BETRE FOR MINA?

MOR TIL MINA TRENG STØTTE I KVARDAGEN.
KVEN KAN HJELPE TIL?


ROB ØNSKJER Å FLYTTE UT AV FOSTERHEIMEN.
KVA SKAL VI GJERE?

Spørsmål til familierådet

I god tid før familierådsmøtet blir alle enige om kva som skal diskuterast på familierådet. Det bør ikkje vere for mange spørsmål; fire–fem er ofte nok. Av og til dukkar det opp nye og viktige spørsmål mens ein førebur eit familieråd.

Barn, foreldre (eller føresette) og faginstansen som foreslår familieråd, blir enige om kva spørsmål dei skal diskutere i familierådet. Dette blir gjort litt forskjellig, avhengig av om familierådet er i regi av barnevernet eller i oppvekstsektoren.

"DET VAR FINT Å SNAKKE MED FAMILIE
OG VENNER OM MEG SJØLV. EG FEKK SAGT
DET EG HADDE Å SEIE."



Kva skjer før og under familierådet?

Det tek vanlegvis nokre veker frå ein har bestemt seg for å ha eit familieråd, til sjølv familierådsmøtet blir gjennomført. Dersom det hastar, kan det gjennomførast i løpet av nokre få dagar. Sjølv familierådet blir halde på ein eigna stad, og det blir servert mat og drikke.

Familierådsmøtet er tredelt:

- I den første delen er alle deltakarane til stades. Familien får informasjon frå aktuelle fagpersonar, slik at dei har eit godt grunnlag for å diskutere seg fram til løysingar på spørsmåla som er stilte.
- I den andre delen av møtet snakkar familien saman utan at andre offentlege personar er til stades. Koordinatoren er heller ikkje med i denne diskusjonen, men han eller ho kan kallast inn ved behov. I førebuinga til familierådet har koordinatoren saman med familien funne ut kven som skal vere støtteperson, ordstyrar og sekretær i denne delen av møtet.
- I den tredje delen av møtet blir ein einige om ein skriftleg plan som er tydeleg på roller og ansvar i oppfølginga av familierådet. Kven gjer kva?



Oppfølgjande familieråd

Vanlegvis er det behov for eitt eller fleire oppfølgjande familieråd. Tidspunktet for oppfølgjande familieråd blir i hovudregelen avtalt på familierådet. Dei same som deltok sist, er som oftast med på å planleggje og halde det neste møtet.

Den planen ein blei einig om sist, skal evaluerast. Kanskje må noko endrast fordi det ikkje fungerte slik ein hadde tenkt, eller fordi det kjem nye forslag som ein bør prøve ut.

Dei same som deltok sist, er med, men nye personar kan òg inviterast til det oppfølgjande familierådet.



Mamma



Mina



Pappa



Jorunn



Læraren



Gunnar



Mona



Truls



Helga

Kven deltek?

Som ein del av planlegginga finn hovudpersonane saman med koordinatoren ut kven som skal inviterast til familierådet. Det kan vere familie, slekt, venner, naboar og andre viktige personar, til dømes læraren. Dei fleste som blir spurde, kjem dersom dei kan, og dei er glade for å bidra. Dersom reiseavstand eller anna gjer det vanskeleg å delta, kan ein vere med via telefon eller skjerm.

Koordinatoren og initiativtakaren deltek alltid i familierådet. I hovudregelen deltek barn òg, men dei kan gå litt til og frå, avhengig av alder og modenheit.

"DET VAR EG SOM EIGENTLEG BESTEMTE AT VI SKULLE
HA FAMILIERÅD. VI FANN UT AT DET VAR BEST, SÅ VI
KUNNE PRATE OM KVAR EG SKULLE BU."



Fagpersonar i familieråd

Aktuelle fagpersonar blir inviterte til å delta i den første delen av familierådet. Av og til er dei til stades i den tredje delen òg.

Fagpersonar som ofte blir inviterte med, er tilsette i barnehagen eller skulen, tilsette i helsetenesta, pedagogisk-psykologisk teneste, familievernnet eller sosialtenesta eller andre som har viktig kunnskap om situasjonen. Dersom det er eit familieråd i regi av barnevernet, deltek alltid kontaktpersonen i barnevernet.

Informasjon frå fagpersonar kan vere veldig viktig. Fagpersonane som deltek, blir oppfordra til å leggje størst vekt på ressursar. Innhaldet i presentasjonen skal vere kjent for hovudpersonane på førehand. Informasjonen som fagpersonane gir, bør vere skriftleg, slik at familien og nettverket elles har han tilgjengeleg når dei diskuterer.

Medverknad er samarbeid

I Noreg er det semje om at barn og vaksne skal bli høyrde og sjølve delta når noko skal avgjerast i saker som gjeld dei. Dette er nedfelt i mange lovverk, mellom anna barnevernlova, barnehagelova, opplæringslova, barnelova og pasientrettslova.

Barn (og vaksne) er klar over at dei ikkje alltid kan få viljen sin, men det er viktig både å få informasjon og å få seie kva ein meiner. Barn som deltek i familieråd, vel seg ein støtteperson. Det er vanlegvis nokon frå familien eller nettverket. Når det er vanskeleg for barnet å seie kva det meiner, kan støttepersonen hjelpe til. Vaksne kan òg ha behov for ein støtteperson.

Barn ønskjer

- at informasjonen og diskusjonen er tilpassa til dei
- å vere med og bestemme kva som skal serverast av mat og drikke
- å vere med og bestemme kven som skal vere støtteperson
- at familie og venner kjem til møtet for deira skyld

Vaksne seier at familieråd er bra fordi

- alle får den same informasjonen, og ein kan seie det ein meiner
- det kan løyse opp «knutar på tråden»
- det kan føre til at kontakten og samhaldet blir betre
- det kan bidra til at andre forstår situasjonen betre
- ein kan finne gode løysingar saman i familierådet
- samarbeidet med fagpersonar og barnevernet blir betre



Vil du vite meir?

Dei fleste norske kommunar har god kunnskap om familieråd. Metoden blir no i aukande grad nytta i oppvekstsektoren òg.

Du kan finne meir informasjon og filmar om familieråd på Bufdir.no og YouTube.



Bufdir